



Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/846-2

Høyring - Forslag om oppheving av omstillingslova

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjøre slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknad til at omstillingslova vert oppheva.

Vedlegg:

Brev frå Det kongelige Nærings- og fiskeridepartement den 6. februar 2019 med vedlagt Høyringsnotat

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja
Saka er fremja fordi fylkeskommunane er høyringsinstans

Sentrale problemstillingar

Omstillingslova vart innført for å stimulere til dialog mellom nedleggingstruga verksemder og lokale styresmakter. Siktemålet var å sørge for omstilling og slik gjøre det mogeleg for vidare drift av levedyktige bedrifter.

Forslaget om å oppheve lova kjem som lekk i forenklingsarbeidet til regjeringa.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar
Ingen spesielle

Rettslege konsekvensar

Ein lovheimel som sikrar dialog vert fjerna. Lova set krav om at alle verksemder med meir enn 30 tilsette hadde krav til å melde frå til fylkeskommunen dersom nedlegging av drift var planlagt. Fylkeskommunen kalla så inn til drøftingsmøte med føremål å vurdere tiltak for vidare drift. Ei verksemd kan ikkje vedta nedlegging før 30 dagar etter at fylkeskommunen har motteke slik melding.

Fylkesdirektøren viser til brevet frå NFD m/vedlegg for nærmare informasjon

Personalpolitiske konsekvensar

Fylkeskommunen og partane si oppgåve vert forenkla ved at dialog i denne typen saker berre vert gjennomført når dette er eit ønskje; ikkje som eit obligatorisk tiltak. Dette frigjer tid.

Plankonsekvensar

Ingen spesielle

Fullmakter

Hovudutvalet har fullmakt til å gje fråsegn. Sitat frå reglementet:

4.2 Høyingsfråsegner

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyingsfråsegner til lovutkast, sentrale planar, framlegg til vedtektsendringar, m.v.

Hovudutvala kan gi slike fråsegner når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikkje vedkjem spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi. Fråsegna skal ekspederast frå fylkesordføraren som avgjer om ho likevel bør leggjast fram for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikkje er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet/fylkesutvalet. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om fråsegna og gjevast høve til å gi ei tilleggsfråsegn.

3. Konklusjon

Omstillingslova vart innført slik at fylkeskommunen alltid skulle ha eit høve til å vurdere tiltak når verksemder med meir enn 30 tilsette vart planlagt avvikla. Vi har brukt lova og kalla inn til slike dialogmøte ved nokre høve. Regelen har vore å kalle inn representantar for kommunen, bedriftsleiinga, dei tilsette, NAV og Innovasjon Norge. Ingen dialogmøte har så langt ført til anna utfall enn at avvikling vart gjennomført.

Innovasjon Norge og NAV i fylket representert ved personar som har delteke i slike dialogmøte, har ingen merknad til at omstillingslova vert oppheva.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at den typen dialogmøte som omstillingslova legg opp til, som oftast vil komme i stand på friviljug basis dersom det er rimeleg von om å finne tiltak som kan sikre vidare drift. Konklusjonen er derfor at fylkeskommunen ikkje bør ha merknader til at lova vert oppheva.